

Fra: ARKHAUS alex@arkhaus.no 
Emne: Re: Toalett ved Skansen i Hammerfest
Dato: 7. september 2021 kl. 13:19
Til: Gunnar Røe Gunnar.Roe@hammerfest.kommune.no
Kopi: Håkon Rønbeck Hakon.Ronbeck@hammerfest.kommune.no

A

Hallo Gunnar

ARKHAUS har vore SØK i større prosjekt med totalentreprenør som ansvarleg UTF. Dette berre til informasjon.

Det som gjeld oppdraget i prosjektet Toaletthuset Skansen hadde du ut frå mine notat uttalt deg klårt og tydeleg ovanfor meg: ARKHAUS skulle bl.a. gjennomføre *rammesøknaden* (så raskt som råd) etter oppstarten, for å ha sjanse å få utført prosjektet *for* Sankt Hans. Dette har eg jobba målretta med ved å stille opp som SØK på forhandskonferansen og syrgje for å få på plass all naudsynleg dokumentasjon ila. kort tid i ettertid. Her har eg opplevd deg som bra støttespelar når det gjald å skaffe ein del dokumentasjon frå kommunen si side. Det einaste som til slutt stoppa innsendinga av søknaden var lang ventetid på svaret på dispensasjonssøknaden. Dette er no på plass, og rammesøknaden kan etter avtala i utgangspunkt sendast inn til kommunen.

Vidare informerte du om at totalentreprenøren skulle ta over og søkje om *igongsetting* når denne tida hadde kome. Denne måten opplevde eg til å vere uvanleg (bytte av SØK undervegs), men aksepterte dette som krav.

Viss du/kommunen no har ombestemt seg og ynskjer å bruke totalentreprenøren for å søkje i *1 trinn* i staden for sjåast dette som brot av avtala, og i så fall vil dette utgjere eit tap på ARKHAUS si side. Dette kan eg diverre ikkje akseptere, og er i så fall nøydd til å krevje erstatning.

Type erstatning kan ut frå mi sik forhandlast. Eg er no som før interessert i god kommunikasjon og godt samarbeid, og kan opne opp for tilbod frå di/kommunen si side på ei minneleg løysing som kan passe fint for alle. **Her er forslaget ein gong til å setje seg saman og diskutere situasjonen over bordet.**

Viss dette høyrast greitt ut er det berre å kome med eit forslag til tidspunkt for eit møte.

Obs: Merk at situasjonen er slik at 95% av forarbeidet for å kunne sende inn rammesøknaden til kommunen er gjort. No er det berre å samordne all dokumentasjon og sende han av garde. Rett nok vil det ta litt tid i tillegg å samle inn all anna dokumentasjon og signaturane ved ein evt. søknad i 1 trinn, som eg føreslå på møtet i går. Men ut frå vår avtala (rammesøknad) ville dette vere eit *utvida* oppdrag (éittrinnsøknad), som sjølv sagt er meir tidskrevjande. Poenget er: Eg kjenner ikkje på tilbodet frå entreprenøren, men sidan oppdraget er så godt som utført ville det truleg vere mest tids- og kostnadseffektivt å la meg på vegene av ARKHAUS ferdigstille oppdraget etter avtala. Det er meg/ARKHAUS som sitt på all dokumentasjon og som har full kontroll over situasjonen og statusen. Det ville heller ikkje vere noko problem for meg å skaffe resten av dokumentasjonen/signaturar for å sende inn søknaden i *1 trinn* heller. Men i så fall ville det sjølv sagt kome litt meir arbeidstid i tillegg.

- venleg helsing

alexander kupz
arkitekt MNAL
dipl.ing.architektur

ARKHAUS

alex@arkhaus.no
41790525